

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF  
**DATO:** 06.03.2020  
**FRÅ:** Administrerende direktør Arve Varden  
**SAKSHANDSAMAR:** Berit Irene Haarklau  
**SAKA GJELD:** **Saker til oppfølging etter styremøte**  
**ARKIVSAK:** 2020/1097  
**STYRESAK:** **015/2020**  
**STYREMØTE:** **23.03.2020**

### Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Saker til oppfølging etter styremøte i Helse Førde HF		
Møtedato/Styresak/ Sakstittel	Oppfølging	Status
25.01.2019 003/2019 Adm. direktør si orientering	<i>Punkt 6, Rapporteringsmal Nye Førde sjukehus: Styret ønsker at kvartalsrapportering vert langt fram som styresak.</i>	<i>Styresak om "NFS – kvartalsrapportering" til styremøte: 29.04.2019, 26.08.2019, 22.11.2019.</i>
23.05.2019 046/2019 Langtidsbudsjett og investeringsplan 2020-2024	<i>Styret ber administrerende direktør følge nøye med på moglege konsekvensar av framlagd langtidsbudsjett og investeringsplan 2020-2024, særleg med tanke på HMS for tilsette, kvalitets- og pasienttryggleiksarbeid.</i>	
28.10.2019 080/2019 Adm. direktør si orientering	<i>Punkt 5: Nye Førde sjukehus – status Styret kommenterte at ein må planlegge innan dei rammene som er vedtatt. Styret gav si tilslutning til å jobbe vidare med dette.</i>	<i>Ny oversikt til styremøte 24.01.2020 Styresak 23.03.2020</i>
22.11.2019 088/2019 Adm. direktør si orientering	<i>Styret ønsker at AD orienterer om rapport som vert sendt til Helse Vest RHF 2 gonger årleg om lærlingar.</i>	
22.11.2019 089/2019 Rapportering frå verksemda per oktober 2019	<i>Styret etterspør: Psykisk helsevern på dagsorden for styret 1. halvår 2020 i styreseminar eller fagleg orientering.</i>	
16.12.2019 103/2019 Budsjett 2020 – Helse Førde HF	<i>Styret ber adm. direktør følge konsekvensane av budsjett-tiltaka nøye, særleg med tanke på HMS for tilsette, forsvarleg tenestetilbod med god kvalitet og den gylne regel.</i>	

	<i>Styret ønskjer at adm. direktør rapporterer på dette i høve konsekvensar av budsjett-tiltaka i 2020.</i>	
<b>16.12.2019</b> 104/2020 Investeringsbudsjett 2020 – Helse Førde HF	<i>Styret gjev adm. direktør fullmakt til å gjere tilpassingar innanfor investeringsbudsjettet si ramme. Adm. direktør rapporterer til styret tilpassingar som er gjort sidan førre evaluering av investeringsplan. Styret ber adm. direktør legge fram 5-årig investeringsplan til styremøte i juni 2020.</i>	<i>Blir styresak 19.06.2020</i>
<b>24.01.2020</b> 007/2020 Prehospital plan Helse Førde	<u>Vedtak:</u> <i>Styret er godt nøgd med prosessen og saksgrunnlaget som ligg føre.</i>  <i>Plan for prehospitala tenester blir vedteken med desse presiseringane:</i> 1. <i>Endringane som gjeld døgnbilen i Lavik skal utgreiast vidare, og det skal vurderast alternative modellar. Kommunar, tilsetteorganisasjonar og verneteneste skal takast med i prosessen. Saka vert lagt fram for styret til endeleg avgjerd.</i> 2. <i>Administrerande direktør får i oppdrag å arbeide vidare med omgjering av døgnbil i Ytre Bremanger til einmannsbetent ambulanseressurs, alternativt redusere til ein ambulanse i Bremanger kommune. Kommunar, tilsetteorganisasjonar og verneteneste skal takast med i prosessen. Saka vert lagt fram for styret til endeleg avgjerd.</i> 3. <i>Det skal gjennomførast ein prøveperiode på tolv månader med flytting av dagbil frå Luster til Sogndal, slik det er omtala i sakstilfanget. Vedtak om endeleg flytting etter prøveperioden ligg til administrerande direktør.</i> 4. <i>Det blir gjennomført ei vurdering av kva for konsekvensar det vil ha for dei prehospitala tenestene at Hornindal kommune er slegen saman med Volda kommune og ikkje lenger er Helse Førde sitt ansvarsområde. Saka blir lagt fram for styret til endeleg avgjerd.</i> 5. <i>Dei andre endringane i tilrådingpunkta, jamfør saksutgreiinga, vert tekne til orientering og ligg til administrerande direktør å følgje opp.</i> 6. <i>Utsetting av tiltaka i punkt 1, 2 og 4 må sjåast i samanheng med gjennomføring av dei andre tiltakspunkta. Det skal leggjast vekt på ei innføringsrekkefølgje som ikkje utfordrar budsjettmålet.</i>	

	<p>7. Styret ber om å få framlagt mandat for fase 3 til styremøtet i mars, saman med eit første utkast til innføringsplan.</p> <p>8. Prehospital plan er ein del av utviklingsplanen til Helse Førde. Den skal evaluerast og rullerast i samsvar med den.</p>	<p>Styresak 018/2020, styremøte 23.03.2020</p>
--	---	--